

18.05.22

Jærtun Lutherske Friskule (org.nr. 987789948), ved dagleg leiar, er ansvarleg for lagring og behandling av Personopplysningar i verksemda (heretter skulen).

Skulen er behandlingsansvarleg for

- Skulen sine elevar og føresette.
- Tilsette og konsulentar.
- Kontaktpersonar hos leverandørar, kundar, leigetakarar og andre eksterne partar.

Har du spørsmål om personvern på skulen kan du kontakte inspektør på epost ragnhildg@jaertun.no.

Definisjonar

- **Person** er en identifiserbar fysisk person, for eksempel en elev, ansatt eller kontaktperson.
- **Personopplysningar** er opplysningar som direkte eller indirekte er knytta til ein person.
- **Behandlingsansvarleg** er den som definerer føremålet for behandlinga av personopplysningane og som behandlar og lagrar personopplysningane.
- **Ein Databehandlar** behandlar personopplysningar på vegne av behandlingsansvarleg. Behandlinga er regulert av ein databehandlaravtale mellom behandlingsansvarleg og databehandlaren.

Personopplysningar som behandlast og lagrast er:

- Alminnelege personopplysningar som namn, alder, ol.
- Kontaktdetaljer som adresse, e-post, telefonnummer, ol.
- Særlige kategoriar personopplysningar som helseopplysningar ol.
- Vurderingar av elevar, slik som undervegsvurderingar og vitnemål.
- Tilsettopplysningar knytta til personalmappe, lønn, skatterapportering, ol.
- Opplysningar relatert til innhaldet i henvendingar og annan kommunikasjon, slik som e-post, brev, SMS, ol.
- Andre opplysningar som er naudsynte for at skulen skal kunne oppfylle sine lovpålagte plikter.

Eksempel på behandlingsaktivitetar er:

- Handtere søknader om skuleplass.
- Formidla informasjon, nyheiter og invitasjonar om for eksempel skulen sine løpande aktivitetar, skulefestar, samlingar, ol.
- Administrera samtykker.
- Utøva individuelle rettigheter som innsyn, korrigering av opplysningar, ol.
- Varsla om endringar i skulen sine tenester eller avtalevilkår, som t.d betalingsattsar eller opningstider.
- Besvara henvendingar og førespurnader relatert til skulen sine tenester, vilkår eller behandling av personopplysningar.
- Behandla eventuelle disiplinærsaker eller liknande.
- Behandla eventuelle klager.
- Andre aktivitetar som er naudsynte for at elevane skal få ivareteke sin rett til opplæring innanfor trygge og gode rammer.

Alle behandlingsaktiviteter har eit lovleg behandlingsgrunnlag, t.d.:

- Spesifikke krav i Opplæringsloven, Friskoleloven, Stiftelsesloven, Offentlighetsloven, Forvaltningsloven og andre relevante lover med forskrifter.
- Å overhalda avtalen om plass på skulen.
- Eksplisitt samtykke.
- Å overhalda andre rettslige forplikningar skulen er underlagt, t.d lagring på grunn av lovbestemte reglar for regnskapsmessige forhold.
- Å ivareta skulen sine berettiga interesser (forutsatt at Personer sine interesser ivaretas), for eksempel i forbindelse med å forsvare eit rettskrav, å forhindra tap eller skadar eller å forhindra handlingar som kan kompromittera personar sine personopplysningar.

Informasjonssikkerheit

Beskyttelse av personopplysningar er av stor betydning for skulen. Vi arbeider kontinuerleg med å ivareta sikkerheit og beskytta personopplysningar mot utilsikta endring, sletting eller utlevering til uautoriserte partar, eksternt og internt. Våre sikkerhetsrutinar omfattar adgangs og tilgangskontroll, vern av data, IT-system og infrastruktur, interne og eksterne nettverk samt tekniske anlegg.

Lagringstid

Skulen oppbevarer personopplysningar så lenge det er naudsynt for å oppfylle behandlingsformålet. I utgangspunktet slettast opplysningar når eit samtykke trekkast, ein elev er ferdig på skulen eller ein avtale seiast opp. Lovbestemte reglar og andre rettslege forplikningar kan gjera det naudsynt å lagra personopplysningar i lengre tid.

Som offentleg godkjent skule er vi forplikta til å oppbevare opplysningar om elevar som det seinare kan vera naudsynt å ha tilgang til. Dette gjeld opplysningar om at ein person har vore elev ved skulen, fråvær, undervegsvurderingar og sluttvurderingar, karakterar og saker om rettigheiter og plikter til innhald og organisering av opplæringa.

Fortsatt lagring kan og skje når det er naudsynt for å ivareta skulen sine berettiga interesser, som for eksempel å gjera gjeldande eller forsvare rettskrav.

Einskildpersoner kan til ei kvar tid:

- Trekke tilbake samtykket til behandlingsaktiviteter som er basert på samtykke.
- Få innsyn i sine personopplysningar.
- Be om å få endra sine personopplysningar.
- Be om sletting av sine personopplysningar.
- Be om begrensning av, eller protestera mot behandling.
- Be om overføring av sine personopplysningar.
- Avslutta avtalar i henhold til avtalen sine bestemningar om oppseiing.

Overføring av personopplysningar

Ingen ekstern tredjepart kan bruke personopplysningar til eige formål. Skulen kan utlevere personopplysningar til databehandlarar som utfører tenester for skulen. Databehandlarane vil kun bruka personopplysningane til det formålet dei vart samla inn for og for å utføre tenestane for skulen. Forholdet til slike tredjepartsleverandørar er regulert i databehandlaravtalar. Utlevering av personopplysningar til offentlege organ førekjem kun i henhold til lov og gjeldande regelverk.

Skulen bruker følgjandende databehandlere: Sjå eiga liste hos IKT ansvarleg.

Skulen brukar e-post og SMS til løpande kommunikasjon med andre eksterne partar. Slik kommunikasjon skal om mogeleg ikkje innehalde personopplysningar i det heile tatt, og skal aldri brukast til sensitive opplysningar utan at dei er kryptert. Viss ein ekstern part skulle sende sensitive opplysningar per e-post eller SMS skal meldinga umiddelbart slettast og avsendar skal informerast om at sensitive opplysningar ikkje kan sendast per e-post eller SMS.

Bruk av informasjonskapslar

Skulen brukar informasjonskapslar (cookies) og liknande teknologi på våre nettsider. Når du besøker <https://www.jaertun.no/> kan det lagrast informasjonskapslar på din datamaskin eller på mobiltelefonen. Informasjonskapslane hjelper oss til å finna ut kva for delar av nettsidene våre som er dei mest populære, kva for sider som vert besøkt og kor lenge dei besøkast. Opplysningane brukast til analysar og utvikling slik at vi kan gjera nettsidene våre bedre.

Klagerett

Dersom du meiner at skulen si behandling av personopplysningar er i strid med relevante personvernbestemmingar har du rett til å sende inn ein klage til skulen direkte, Datatilsynet eller annan relevant tilsynsmyndigheit.

Endring av denne personvernerklæringa

Skulen atterheld seg retten til å endre personvernerklæringa til ei kvar tid. Den nyaste og gjeldande versjonen av personvernerklæringa er til eikvar tid tilgjengeleg på skulen si nettside eller på førespurnad.